

Felespellmannen Thorvald Trondsgård

Av Gunnar Eide

Thorvald var fødd på Trondsgård den 6. jan. 1892. Foreldra var Maria Sjugurdsdotter Eide og Mathias Dalen, eller Trondsgård. Thorvald var den eldste som levde opp i ein syskenflokk på ti (to døydde i barndommen). Både Thorvald og yngstemann, Melvin vart kjende spelemenn. Faren var ein mann som i mangt var føre si tid, og som var med og braut veg for mangt eit framsteg i bygda. Thorvald ervde sin gode del av pågangsmot og optimisme etter faren.

Den musikalske arven hadde han i rikt mon både frå mor- og farsida. Gjennom farmora Marit Ellefsdotter Lindsø frå Dovre var han direkte etterkomar etter storspelemannen Ola Nestegard, eller Nesgardspelemann som han vart kalla. Ei grein av same ætta finn vi att som kjente spelemenn i Vågå med Ola Sørskedsvoll og nevøen hans Hans Holen. Den siste er nolevande spelmann, kjent i det ganske land.

Morfaren Sjugurd Eide var habil spelemann, og far hans att var storspelemannen Hans S. Eide, eller Killispelemannen, som han vart kalla, avdi han kom frå Megarden Killi på Dovre. Som vi ser var det mykje Gudbrandsdalsrot i ætta og kanskje ikkje så underleg at Svein Nyhus meinte det var meir Gudbrandsdalsvip over spelet Thorvald enn Østerdalssvip. Det skal vistnok og vera mogleg å rekkje ætta attende til den legendariske Ringnesen. Ellers kryr det av spelemenn rundt omkring i ætta både i Folldal og Oppdal (og i Amerika). Bestefaren Sjugurd Eide og storspelemannen Peder P. Husum (Gammelhusin) var trimeningar etter det eg har funne ut.

Sjølv synte Thorvald tidleg givnad og interesse for fela. Gamle Lars Tuvan f. 1860 var ein god spelemann som vanka mykje på Trondsgård da Thorvald var gutungen. Han hadde alltid med seg fela, og



Thorvald Trondsgård i yngre dagar, 1915-16. (31795).

Thorvald stal seg til å klonke på henne. Lars oppdaga fort at det låg eit spelemannsemne i guten, og han var første læremeisteren hans Thorvald. Da Thorvald var 7-8 år fekk han fele av Lars. Den fela satte han særleg høgt, og ho fylgde han sida heile livet, og det vart nokså lenge. Det ligg ei eiga soge bak denne fela, og ikkje minst det at ho hadde tilhørt ein av landets største felespelmenner gjorde henne kjær for Thorvald. Dette var den sokalla "Godtfridfela". Lars Tuvan hadde kjøpt henne anten av Martin eller Johannes Dalholen som hadde teke henne i pant av storspelemannen Godtfrid von Eppingen for overnatting eingong han var på spelemannsferd gjennom Folldalen. Godtfrid var fødd i 1830 og døyde i 1888. Mor hans var frå Lesja og faren var tysk offiser av adeleg ætt. Han var mykje i mot at Godtfrid skulle tulle bort livet sitt med musikken, men Godtfrid vart likefullt musikal og kankje ein av dei som har betydd mest for folkemusikken i Norge. Mange held han større enn den legendariske Lomsjakop. Han brukte alltid å merke felene sine med å bore eit lite hol i sargen på kvar side. Holet tetta han med ein liten plugg. Det var dette som gjorde at Thorvald fann ut at fela var ei «Godtfridfele». Som spelemenn flest var det ofte så som så med økonomien for Godtfrid, og han løyste aldri inn fela. Godtfrid var serleg meister i si tolking av slåttemusikken. Han var det store førebiletet for spelemenn på Mørkantene, mellom anna for Hallvard Ørsal. Thorvald kjente godt Ørsalen og lærte mykje av han. Dermed har ikkje berre Godtfridfela, men også Godtfrids speleform levd vidare gjennom Thorvald.

Det heiter elles om mange av slåttane Thorvald overleverte at dei er i form etter Lars Tuvan. Tormod Sæteren hadde den trua at Lars hadde forma si etter Killispelmannen. Det er elles truleg at han hadde overlevningar av hans musikkform også gjennom mora som var flink til å tralle, og som kunne ei

mengd med slåttar.

Elles hadde han og ein læremeister i Iver Nystuen eller Skreddariver f. 1839. Han var ofte på Trondsgård og skredderte da Thorvald var ung. Fela hadde han med seg og det vart mykje speling i "skreddartimen". Thorvald lærte slåttane på tradisjonell vis etter gehør. I yngre år trong han ikkje høyra slåtten meir enn ein gong før han kunne han. Han fortalde soleis at ein gong i unge år gjekk han frå Fjellegret til Kvikne i von om å få høyra den gamle storspelemannen Jo Bubakk spela. Det var stor fest på Kvikne. Bjørnson hadde halde foredrag, og Jo som var nær 90, var på festen. Gjennom ein kjenning på Kvikne fekk han kontakt med Jo som svara da han vart spurt om speling: «Nei, e' greie nok itte det no, og så har e' itte fele.» Kjenningen hans Thorvald let på at fela kunne han skaffe, og da sa Jo at «eg får vel prøve lell da etter som du har gått så langt», og så spela han ein halling, ein gong. «På turen attende til Fjellegret gjekk e' å tralla på leiken, og da e' kom fram spelte e' n'» fortalde Thorvald. Slik var det og med mange andre leikar, dei sat med ein gong.

Da Thorvald var i ungdomen var det springaren som var gjevaste dansen, men da gruve drifta kom igang att i 1906 kom det mykje nytt gruvefolk til bygda. Mellom dei også spelemenn frå Røros. Det vart fort moderne og gjevt blant ungdomen å danse Rørospols, og Folldalsspringaren gjekk i gløymeboka. Men alt har si tid, og da Thorvald var vorte ein gamal mann vart arbeidet med å rekonstruere folldalsspringaren teke opp att. Thorvald hadde i minnet både den rette rytmen og dei rette stega, og den spesielle folldalsspringaren lever nå vidare både i yngre spelemenn og dansarar. På Thorvald sine eldre dagar kom det to unggutar for å læra av han. Thorvald tykte det var ekstra gjevt, og han skrytte av båe ein gong eg besøkte han. Både Egil Skullerud og Jan Wesenberg fører Thorvaldstradisjonen vidare. Jan er

kanskje den spelemann som mest har kopiert spelet hans Thorvald, og som kan flest slåttar etter han. Men Thorvald har betydd mykje for mange andre spelemenn og, mellom dei Folldals eigne Arild Plassen, Gudlaug Blåsterdalen og dei unge spelemennene i Folldal spelemannslag som gler oss med spelet sitt i dag til ære for Thorvald, som vart rekna for å vera blant dei mest betydelege spelmenn i Østerdalen. Han hadde eit veldeg repertoar og var i ei verkeleg betydeleg kjelde å ause av for dei som arbeider med folkemusikken. Sven Nyhus var hos Thorvald i 1969 og i 1975 og skreiv ned ein god del. Som alt nemt meiner Nyhus at musikken hans Thorvald minner meir om Gudbrandsdalsk enn Østerdalsk lynne. Han sier at i 1969 skreiv han ned eller spelte inn på band over 50 slåttar som no ligg arkivert i folkemusikksamlinga ved universitetet. Nyhus har sjølv framført somme av desse i radio, men mykje er enno ikkje brukt. Han nemner og at repertoaret hans Thorvald spenner seg over så mange dansformer så som halling, springleik, masurka, vals, reinlender og skotsk. Vidare seiar han at Thorvald har havt ein enestående evne til å bevare den gamle musikktradisjonen gjennom eit langt liv med skiftande stilretningar, og å føra dette vidare til seinare generasjonar.

Ikkje berre musikken han fekk innspela var verdifull, men like mykje alt han fortalde om spelemenn frå gamle dagar som vart innspela. Nyhus hadde ikkje så mykje kjennskap til Thorvald at han ville gjeve nokon uttømmende karakteristikkk av spelemannen og mennesket, «men jeg har bestemt inntrykk av at Trondsgårds tradisjon bærer preg av alderdommelige fine drag. Hans spill har rytmisk snert og tempoet er stødig. Slike ting er selvsagt innarbeidet gjennom mange års dansespilling, men kunne ikke hatt den flyt og elegante letthet uten et betydlig talent.»

Så langt Nyhus, men det er også mange andre som

har teke opp mykje musikk etter Thorvald mellom andre Sverre Halbakken, Arild Plassen og som før nemt Jan Wesenberg og Egil Skullerud. Desse tre har nok mykje meir tradisjonsstoff etter Thorvald enn Nyhus og Halbakken. Thorvald var kvikk i hovudet og snartenkt i replikken. Eit døme på slagferdigheita hans skal eg ta med her. Lokalradioen for Hedmark og Oppland som det den gongen heitte var og på opptak hos Thorvald. Da dei hørte at Nyhus hadde vore der spurte dei korleis han kom inn. «Jau, han kom gjennom dørre han som døkk», svara Thorvald. Thorvald komponerte sjølv ingen slått, men overleverte eit veid av gamal slåtttradisjon. Thorvald var framfor alt dansemusikar, serleg i ungdomen da ei fele var nok. (folk hørde betre den tid) Han hadde eit enestående spenstig og lett spel jamvel om fingrane mang ein gong var noko stive av tungarbeid. Han var i si tid mektig populær som dansemusikar, men han spelte ikkje berre til dans. Han deltok på ei mengd kappleikar gjennom livet, heilt opp i alderdomen. På ein av dei siste han var med på, det var på Otta, fekk han både premie for spelet på kappleiken, og ærespemie for det han hadde betydd for folkemusikken.

Kom du inn til Thorvald og Mari på deira gamle dagar var han aldri tungbedd om du ømta på speling. Han brukte da å seia at «e' ha så vondt for å koma på leikjin», men så snart han rekte innpå ein leik, kom både den og mange andre flytande som ei elv det ikkje var godt å stanse. Og så kom kaffikjelen fram. Hos Mari og Thorvald stod den gamle gjestefriheita høgt. Å seia nei takk var ei fornærming.

Men Thorvald var ikkje berre musikar. Han stod heile livet i med tungt arbeid, noko som nok var eit minus for musikken. Han var både bureisar som bygde opp ny gard, han var bonde på den gamle slektsgarden og han var hestehandlar og framifrå hestekar. Når Folldal Verk t.d. skulle transportere tunge

og vanskelege kolli var alltid Thorvald i bildet. (Det var den tid da hesten drog lassa.)

Thorvald og Mari gifta seg vesle nyårsaftan 1917 og var eit staseleg brurepar. Etter kvart voks det opp ein barneflokk på sju. Tre jenter og fire gutar, og i dag er stamtreet etter Mari og Thorvald det reine Ygdrasil.

I 1920 tok dei som unge optimistar fatt på bureisinga i Dagdyljuøyen. Bruket fekk namnet Bjørkheim. Ingen ting var dyrka. Dei braut opp 60 mål ny jord og bygde hus. Thorvald var alltid sjølvhjelpen. Soleis støpte han sjølv både murstein og takstein. Midt i 20-åra leigde dei Drivstugusetra i Oppdal. Vegen dit gjekk etter Vårstigen. Å køyra lass der var ikkje for kven som helst, men Thorvald hadde gode krefter og han var ikkje redd for å bruke dei. Der vegen var som verst gjekk han sjølv på oversida og heldt eit godt tak i reipenden så ikkje lasset skulle hamna i avgrunnen. Seinere leigde dei Støsetra inne på Kvikneskogen ei årrekkje til dei overtok Trondsgård i 1936. Setervegen var lang og dårleg den tid, og det var nok mang ein strevsam tur både for folk og fe. Hardest var fjellkjøyringa da dei kjørte heim seterhøyet. Det gjekk mang ein gong på livet laus både for hest og mann. Ved dei tider Trondsgård vart overteke gjekk han igang med å byggja eige kraftverk i Dagdylju. Krigen kom i 1940 og kraftverket vart ikkje ferdig før den var over. Det var uråd å skaffe dynamo. Da verket var ferdig hadde dei ikkje kraft berre til eige bruk, det skaffa og straum til fleire i nabolaget. Som far sin var og Thorvald litt av ein føregangsmann på ømse vis. Serleg var han oppteken av å få gjort ting på lettaste måten. Dette kunne gjeg seg utslag i blant som folk lo av. Som t.d. da han freista å ta fjellmose med slepriva. Thorvald gjorde seg ikkje vondt av låtten. Han tenkte vist som så at det var sundt for helsa at folk fekk le litt. Godt humør og god helse hadde både Mari og Thorvald.

Men ein gong heldt han på å verta invalid av isjas. Eine foten visna bort og smertene var store, men så ein dag han heldt på å rydda på stalltrevet gjekk han gjennom taket og hamna på kanten av ei kjerrekiste med den vonde hofta. Det gjorde så vondt at «eg trudde eg skulle kripere» fortalde han, men etter denne ferda vart isjasen borte og foten like god. For



Mari og Thorvald Trondsgård i 1970-åra.
(31796)

Mari kunne det nok mang ein gong vera ei hugsott når han var ute på speleoppdrag og ikkje kom heim før langt utpå morgonen. Det var inga lov om at festane skulle slutte kl. 01 den gongen, og Martin som var eldst av barna fortel at han ofte vart vekt av mora når faren ikkje var heimkomen. Det fylgde vel litt skjenk med speling og i blandt. Thorvald hadde så turr hud på dei grove arbeiderhendene at ho ofte sprakk opp i vonde sår. Martin fortel at når han skulle ut å spela sat han ofte og knadde ei blanding av tjøre og feitt inn i sprekkene.

Som nemt var Thorvald uvanleg god hestekar og han hadde «godt auge for hest.» Han var knapt konfirmert da han kjøpte første hesten. Det var eit brunt føl han fekk tak i nede i Grimsbu. Han gjorde seg ein stor kjelke og kjørte med folungen. Da hesten var 3-4 år kom det på tale med ein bytjhandel med Guttormsen på Tøfthaugen. Thorvald forlangte 100 kroner i mellomlag. Da svara Guttormsen: «Nei så mye får du ikkje, men hadde hesten din vært hvit skulle du fått 100 kroner.» Handel vart det likevel, og sida handla Thorvald hest til han var ein gamal mann. Dette med hestehandel gjekk ofte på knep, og hestehandlarane la ofte an på å jukse ein annan. Thorvald vart aldri juksa på ein hestehandel, og sjølv juksa han vist heller ingen.

Søstera Minnie, som er den einaste attlevande av syskenflokkjen, fortel om kor snill ein storebror Thorvald alltid var. Da ho var lita fekk ho alltid vera med han å kjøyra når han mosjonerte hestane. Både Mari og Thorvald var uvanleg snille og gjestemilde folk, og dei hadde alltid slik omtanke for kvarandre. Minnie fortel som døme på dette at ein gong Thorvald hadde spelt til dans kvar kveld i heile jula ville Mari at han skulle skriva etter ein skinnvest til henne. Thorvald skreiv, men før han fekk sendt brevet lurte Mari seg til å opna det og skreiv på to vestar. Så vart det ein på Thorvald og Mari og Thorvald fekk

leva eit langt og lykkeleg liv saman. Dei siste åra sette dei seg opp eiga kårstove, like ved det gamle Fjellheim der Thorvald hadde spela til dans utallige gonger. Stua var den gamle stua i Søre Furuhovde. Stua Mari var fødd i. Stenhammer kalla dei den nye heimen, og der levde dei i harmoni og klarte seg uten serleg hjelp frå andre til dei var i 90 års alderen. Mari gjekk bort den 21.11.1981, og da slokna også livsgloa hans Thorvald. Det bar snart på alderheimen i Follidal og der døyde han vesle juleaften i 1986, nær 95 år gamal.

Alf Eggset frå Alvdal skreiv eit vakkert minneord om Thorvald, og eg vil avslutte denne stutte biografien, som sikkert manglar mange interessante opplysningar om Thorvald, med ei lita omskriving av Sivle:

Mannen kan siga, men merket det står.